

Båten



**Velkommen til «BÅTEN» arrangement i Breiavikjo 4.juni
kl.16:30- 19:00 for alle som blir 10 og 11 år i 2025!**

Der skal me kosa oss ein heile ettermiddag. Me skal vera litt på land og litt i båt på vatnet. Ta med redningsvest om du har. Det vert ein ettermiddag med mykje aktivitet, samstundes som me vert betre kjent med Jesus og venene hans. Barna får boller og drikke hos oss, men dei må ta med seg eiga niste til kvelds. Kanskje får me fisk. Den steiker me, slik at alle som vil får smake.

Til føresette:

Me treng frivillige som vil være med og hjelpe til i gjennomføringa av dette arrangementet. Kan du vere med?

Me er svært takksame om du vil melder deg. Skriv det gjerne i påmeldingsskjema på heimesida vår om du kan vera med under merknader!

Har barnet ditt behov for oppfølging eller tilrettelegging som me treng å vite om, gje oss beskjed om dette. Då kan me saman leggje til rette for at Båten-dagen blir ei flott oppleving for alle.

Dette brevet går til dei som er medlem i Den Norske Kyrkja. Men alle er like velkomne anten dei er medlemmer eller ikkje.

NB! Dersom barnet ditt ynskjer å bade denne dagen, må dette skje i etterkant av arrangementet, med føresette til stades.

Meir informasjon og påmelding finn de på heimesida til kyrkja:

www.kyrkja.no/fitjar Påmeldingsfrist 1.juni

Alle er hjartelig velkomne!!



Alle mann på dekk, for Jesus
Alle mann på dekk, for Jesus
Alle mann på dekk for Jesus
Nå skal skipet seile.

Ankeret må hales opp,
hal i til det sier stopp
Seile må til mastetopp
For nå skal skipet seile.

Vi skal gå med livets ord
ut til alle folk på jord,
vitne om at Gud er stor,
for nå skal skipet seile



DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar kyrkjelyd